

**Sakshandsamar:**Knut Åland  
E-post: knut.aland@sfj.no  
Tlf: 57 82 50 18**Vår ref.**Sak nr.: 09/1538-8  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

10164/09

**Dykkar ref.**

2008/00086 KIA POG

**Dato**

FØRDE, 28.04.2009

Det Kongelige Kultur- og kirke departementet  
Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO

*dok 110*

Kultur- og kirke dep.	
Saksnr. <i>200800086</i>	Dato <i>30.4.09</i>
Kode <i>11-212</i>	Bok

**Høring - Pilegrimsmotivet som nasjonal satsing.**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har handsama og gjort uttale til "Pilegrimsmotivet som nasjonal satsing.

Det er gjort følgjande uttale til saka:

1. Utgreiinga "På livets vei. Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utvikingsprosjekt" gir mange relevante koplingar til lokalt og regionalt utviklingsarbeid.
2. Som nasjonal satsing må kystleia komme meir tydeleg i fokus når det gjeld forvaltning, utvikling og fornying av pilegrimstradisjonane i Noreg
3. Selja sin posisjon i ei nasjonal satsing må oppvurderast og gjevast ein plass i ei evt framtidig utvikling av regionale pilegrimssenter.

Vedlagt sender vi gjenpart av vår saksutgreiing og saksprotokoll frå møtet i Hovudutval for kultur frå 22. april 2009.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
fylkesdirektør

*Knut Åland*  
Knut Åland  
rådgjevar

Vedlegg: Utskrift frå sak 09/1538-7



# Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for kultur

**Møtedato:** 22.04.2009

---

**Sak nr.:** 09/1538-7

**Internt l.nr.** 9788/09

**Sak:** 27/09

**Tittel:** Høyring - Pilegrimsmotivet som nasjonal satsing.

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Utgreiinga "På livets vei. Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utvikingsprosjekt" gir mange relevante koplingar til lokalt og regionalt utviklingsarbeid.
2. Som nasjonal satsing må kystleia komme meir tydeleg i fokus når det gjeld forvaltning, utvikling og fornying av pilegrimstradisjonane i Noreg
3. Selja sin posisjon i ei nasjonal satsing må oppvurderast og gjevast ein plass i ei evt framtidig utvikling av regionale pilegrimssenter.

## Høyring - Pilegrimsmotivet som nasjonal satsing.

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Utgreiinga ”På livets vei. Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utvikingsprosjekt” gir mange relevante koplingar til lokalt og regionalt utviklingsarbeid.
2. Som nasjonal satsing må kystleia komme meir tydeleg i fokus når det gjeld forvaltning, utvikling og fornying av pilegrimstradisjonane i Noreg
3. Selja sin posisjon i ei nasjonal satsing må oppvurderast og gjevast ein plass i ei evt framtidig utvikling av regionale pilegrimssenter.

### Prenta vedlegg:

#### Uprenta vedlegg:

- 1 ”På livets vei. Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utvikingsprosjekt”
- 2 Uttale frå Bjørgvin Bispedømeråd i møte 24.03.09
- 3 Uttale frå Flora kommune, kultur- og oppvekstutvalet, 10.03.09
- 4 Uttale frå Selje kommune, administrativ uttale av 06.04.09

### Saksframstilling

#### 1. SAMANDRAG

Utgreiinga ”På livets vei – Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt” er utarbeidd av Per Kvistad Uddu på vegner av Kultur- og kyrkjedepartementet. Sør-Trøndelag fylkeskommune og Trondheim har delteke som prosjekteigarar.

Rapporten gir ein omfattande omtale av den historiske forankringa av pilegrimstradisjonar, og gir innblikk i status for arbeidet med pilegrimsmotiva i dag, både i Noreg og i ein del andre land.

Ein stor del av rapporten omhandlar forslag til vidare arbeid med pilegrimsmotivet knytt til infrastruktur, nasjonalt pilegrimssenter i Trondheim og eit nettverk av regionale pilegrimssentra, forskning, informasjon/marknadsføring, vandringar, m.m.

For Sogn og Fjordane sin del er Kinn og Selja omtalt i rapporten. Under tiltakslista er det foreslått eit regionalt pilegrimssenter i Røldal som også skal kan ha samarbeid med Selje som pilegrimsstad.

Fylkesdirektøren peikar på at dersom det skal leggjast opp til ei storstila nasjonal satsing på pilegrimsmotivet, så bør Selje/Kinn tydelegare enn det som er gjort i utgreiinga løftast fram, evt også ved at t.d. Selje vert eit regionalt senter med særleg ansvar for kysten/dei sjøfarande.

Det ligg føre uttaler frå Flora kommune, Selje kommune og Bjørgvin Bispedømeråd som alle tek til orde for større fokus på Selja/kysten i ei større nasjonal satsing.

## **2. BAKGRUNN**

Utgreiinga ”På livets vei – Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt” er no ute på høyring. Kultur- og kyrkjedepartementet vil særleg ha svar på om den framstillinga som er gjort i dokumentet er dekkande for dei utfordringane som er på feltet, om det er tilslutning til dei måla som er identifiserte, og om strategien og dei tiltak som er knytt til denne er eigna for å nå måla.

Statsråd Trond Giske tok i januar 2008 initiativ til å etablere eit prosjekt for nasjonal pilegrimssatsing med utgangspunkt i Nidarosdomen som pilegrimsmål. Prosjektet var eit samarbeid med Sør- Trøndelag fylkeskommune og Trondheim kommune.

Måla for prosjektet var å utarbeide eit forslag til strategisk plattform for fornying og utvikling av pilegrimstradisjonane med nasjonalt og internasjonalt fokus. Prosjektet skulle ta utgangspunkt i Nidarosdomen som pilegrimsmål og forankrast i Olavsarven.

I mandatet for prosjektet heiter det m.a.:

”Planen skal inneholde målsettinger, tiltak og en videre handlingsplan. Prosjektet skal danne grunnlaget for en nasjonal satsing på pilegrimsmotivet. Prosjektet skal skape bred interesse og deltakelse i pilegrimssatsingen.”

I rapporten vert det foreslått at det vert etablert eit nasjonalt pilegrimssenter i Trondheim som får ansvar for ei vidare heilskapleg satsing. I tillegg vert det etablert regionale pilegrimssentra med ansvar i sine regionar. Det vert satsa vidare på å utvikle og legge til rette pilegrimsleier og infrastruktur rundt leiene. Målet er å skape ein god modell for forvaltning, utvikling og fornying av pilegrimstradisjonane i Noreg. Det er foreslått ein utviklings- og implementeringsperiode på tre år; 2010 – 2012.

Dei regionale pilegrimssentra er tenkt å skulle ha god innsikt i og kunnskap om pilegrimsmotivet generelt, og det lokale/regionale spesielt. Dei må delta i nettverkssamarbeid med regionale samarbeidspartar, og eit nasjonalt nettverksarbeid leia av det nasjonale senteret i Trondheim. Dei regionale pilegrimssentra må ha detaljkunnskap om leiene, overnattingstilbod undervegs, og vere koordinatorar mellom det offentlege, frivillige og næringslivet. Informasjon og marknadsføring vil vere viktige oppgåver. I tillegg vert det foreslått å knyte deler av ei prestestilling til sentra gjennom tildelingar frå vedkommande bispedøme.

Gjennom ei sterkare nasjonal satsing på dette området, ligg det også godt til rette for forskning, vidare utvikling av internasjonalt samarbeid, utvikling av arrangement, guidebøker, m.m.

## **3. VURDERING OG KONSEKVENSA**

Utgreiinga grip fatt i den store interessa det er for pilegrimsvandringar. Dette er ei interesse som vi finn over store deler av Europa. Pilegrimsvandring har ei sterk historisk/religiøs forankring.

Pilegrimsleiene som etter kvart er utvikla, særleg på Austlandet, koplar tilrettelegging av stiar/vegar med overnattingstilbod, servering, kulturminne, opplevingar, m.m. Satsinga på dagens

pilegrimsvandringer vil såleis ha både kulturelle/historiske perspektiv og næringsmessige perspektiv.

Kysten og Sogn og Fjordane vil ha andre, og utfyllande perspektiv på pilegrimstradisjonane enn det som er hovudfokus i rapporten.

### 3.1 Historisk forankring

Trondheim var i middelalderen eit kyrkeleg hovudsete, både for landet og for det nordlege Europa. På verdsbasis finn vi 3-400 byar med band til Olav den Heilage. Minnet om Heilag Olav vert teke i vare på ulik vis, gjennom namnebruken som Olavskyrkje, Olavskloster, Olavsalter, og gjennom plantar som har fått namn etter St. Olav,

Lokalt i Sogn og Fjordane finn vi og andre døme på historisk forankring til Olavstradisjonen enn det som går fram av rapporten. Den høge steinkrossen ved Korssund blir kalla Olavskrossen. Han er reist i vikingtid/tidleg mellomalder og står ved den gamle seglingsleia gjennom Korssund yst i Fjaler. Her ligg også ein brønn (naturleg oppkomme) som på folkemunne bli kalla Olavskjelda. Her kan vere fleire kulturminne langs med kysten som har blitt kopla saman med Heilag Olav.

Sjølv om Adam av Bremen allereie om lag 1075 omtala kystleia som den viktigaste reiseruta til Nidaros, er omtalen av denne pilegrimsleia via lite merksemd i utgreiinga. Større fokus på kystleia er viktig når det gjeld forvaltning, utvikling og fornying av pilegrimstradisjonane i Noreg.

Forankringa av arbeidet til Olavstradisjonen gjer også at andre helgentradisjonar får lite merksemd. I ei mogleg nasjonal satsing på pilegrimstradisjonar, vil det vere interessant med eit større fokus på pilegrimsmåla som **Selja og St. Sunniva**. Øya Selja vart av Olav Tryggvason utnemnt til det første heilage staden i Noreg. Selja er det eldste bispesetet i Noreg, saman med Nidaros og Oslo. Her var både biskop og kloster. Selja og St Sunniva sin plass i norsk og internasjonal pilegrimshistorie er nært knytt til historia om sjøen som pilegrimsveg. St. Sunniva var den første norske helgen, dyrka langt utover Noreg sine grenser. Ho var også grunnleggande viktig ved innføringa av kristendommen og oppbygginga av den kristne organisasjonen.

### 3.2 Regional forankring

Som regional utviklingsaktør skal fylkeskommunen bidra til å skape utvikling i alle deler av fylket. Hovudutval for kultur har som særleg oppgåve å sjå til at kulturlivet har gode utviklingsmoglegheiter, og bidra til gode koplingar mellom kultur og andre samfunnsområde. Satsinga på å utvikle tiltak knytt til pilegrimsmotivet, vil kunne knytast til vegkartet i kulturstrategien (kjerneverdier i kulturpolitikken, viktige eigenskapar ved fylkeskommunen og resultata kulturpolitikken skal reflektere). I tillegg er satsingsområda kulturnæringar og kultur som drivkraft for folkehelse (turstiar) relevante.

### 3.3 Lokal/regional aktivitet som kan knytast til arbeidet med pilegrimsmotivet

I Sogn og Fjordane vert det lagt ned eit stort og viktig arbeid av enkeltpersonar, lag og organisasjonar i form av dugnad for å legge forholda til rette for ei pilegrimsvandring langs kysten. Det vert og gjort eit stort arbeid på den kulturelle sida, for å halde tradisjonane og legenda knytt til St.Sunniva levande. Dette frivillige arbeidet er av stor verdi for bygging av sosiale relasjonar og samhandlinga i eit lokalsamfunn. Verdier som er heilt avgjerande for å utvikle gode og trygge lokalsamfunn og legge eit godt grunnlaget for lokal næringsutvikling.

### 3.3.1 Sunnivaleia

”Sunnivaleia – ein pilegrimsveg mellom Kinn og Selja”, er eit prosjekt initiert og inspirert av ei aukande satsing på pilegrimsmotivet. Formålet med dette prosjektet er å knytte saman to reisemål: middelalderkyrkja på Kinn og klosteret på Selja. Dette skal gjerast ved å etablere ei pilegrimslei mellom dei to heilagstadane. Leia kjem til å strekkje seg gjennom 4 kommunar langs kysten av Sogn og Fjordane. Dette er ei vandrerute, men grunna dei mange øyane vil ein og måtte nytte (rute)båtar for å komme seg fram. Prosjektet er tildelt kr 20 000 i kulturutviklingsmidlar for 2009.

### 3.3.2 Nordsjøløypa

Over tid er det lagt ned mykje arbeid og midlar for å utvikle ”Nordsjøløypa” langs kysten av Sogn og Fjordane. Dette er og eit tiltak som fører til lokal mobilisering og utvikling langs kysten. Tilrettelagde ruter i Flora, Bremanger, Vågsoy og Selje vil kunne gå inn som del av ein pilegrimsveg mellom Kinn og Selja, samstundes som andre ruter i området vert tilrettelagde.

### 3.3.3 Restaureringa av Selje Kloster

Riksantikvaren sitt store restaureringsprosjekt på Selje kloster er også eit relevant tiltak sett inn mot ei revitalisering av pilegrimsvandringane. Parallelt med konservering og skjøtsel av klosteret og Seljeøya, vert det arbeidd med tilrettelegging for lokal næringsutvikling.

### 3.3.4 Kulturarrangement

Ei rekke tiltak og arrangement har lagt grunnlaget for ei vidare satsing på pilegrimsleia langs kysten. Det gjeld m.a. *Kinnaspelet* som i år blir spelt for 25. gong og har ført 75 000 menneske til Kinn, der dei har fått oppleve legenda om Sunniva som ein del av spelet. I tillegg har det i fleire år vore skuleopplegg med vandring til kyrkja på Kinn og pilegrimsvandring på Selja. Det er alt bra tilrettelagd for pilegrimar på Kinn der soknerådet har teke over det gamle skulehuset som overnattings- og opphaldsplass.

Kvart år vert *Seljumannamesse* arrangert på Selja til minne om Seljemennene som kom i land på Kinn og på Selja. Seljumannamesse 8. juli er godt kjend over store område og var svært viktig i mellomalderen. I tillegg vert *translasjonsdagen for Sunniva-skrinet* markert 7. september, i samband med at bispesetet for Vestlandet vart flytta frå Selja til Bergen i 1170. Arrangementet ”Lysset frå Selja- Spor etter Sankta Sunniva” er i ferd med å verte etablert som årleg arrangement. I tillegg vert og ”Dragseidspelet”, ei historisk framsyning om Olav Tryggvason og kristninga av fire fylker i 997, vist fram på Dragseidet annakvart år.

### 3.4 Uttaler frå/som gjeld Sogn og Fjordane

Det ligg føre uttaler frå Flora kommune, Selje kommune og Bjørgvin Bispedømeråd som alle tek til orde for større fokus på Selja som eit regionalt senter inn i ei større nasjonal satsing.

Bjørgvin Bispedømeråd seier m.a. i pkt 3 og 4 i sitt vedtak:

”3. Vår merknad går på at pilegrimsvegen langs kysten må setjast meir tydeleg i fokus, dersom satsinga skal få ein nasjonal karakter.

4. Bjørgvin biskop og bispedømmeråd vil med bakgrunn i dette fremje Selja som eit ekstra knutepunkt i den nasjonale satsinga.”

### 3.5 Selje som regionalt pilegrimssenter

I rapporten vert Røldal lansert som eit regionalt pilegrimssenter som skal ha samarbeid med Selje. Røldal har ein sentral plass i religionshistoria, og det er alt utvikla mange aktivitetar knytt til Røldal som pilegrimsmål. Tiltaka, og dei planane som ligg føre der, baserer seg på

andre tradisjonar, og handlar i stor grad om korleis knytte seg opp til leier og aktivitetar austover.

Ut frå den plass som Selja og St.Sunniva har hatt i norsk historie, er det etter fylkesdirektøren si vurdering naturleg å peike på at dersom det er ein ambisjon med ei nasjonal satsing på pilegrimsmotivet, kjem ein ikkje utanom å gje Selje større merksemd i dette arbeidet. Ein kjem heller ikkje unna det faktum at sjøvegen også spelte ei viktig rolle i pilegrimsfarten til Nidaros. Begge desse elementa må vere tydelegare med dersom vi skal snakke om ei nasjonal satsing.

På denne bakgrunn bør Selje inn i nettverket av regionale pilegrimssentra. Dette vil også vere med på å setje t.d det store restaureringsprosjektet på Selje kloster og andre tiltak inn i ei vidare satsing på tilrettelegging for aktivitetar knytt til Selja. Lokalt vil dette også vere eit godt utgangspunkt for samhandlinga mellom Selja og Kinn som er under utvikling.

Større fokus på kysten og Selja vil gje utfyllande perspektiv på pilegrimstradisjonane i Noreg. Det må også føre til at denne viktige delen av pilegrimstradisjonen vert tilgodesett med ressursar frå ei evt nasjonal satsing.

Ei støtte til Selja er også ei støtte til dei mange frivillige på lokalplanet som arbeider for å kople lokalutvikling opp mot nasjonale satsingar. Det vil også vere ei støtte til kommunar som har eit engasjement i saka, og også ei støtte til bispedømmerådet sitt syn i saka.

#### **4. KONKLUSJON/TILRÅDING**

I ei nasjonal satsing må kystleia takast med som likeverdig til pilegrimsleia over land, og pilegrimsvegen langs kysten må bli tilført sin del av ressursane. Selja peikar seg her ut som eit naturleg regionalt tyngdepunkt i ei revitalisering av pilegrimstradisjonane i Noreg.